

---

**Fra:** Bjarne Lien <Bjarne.Lien@akasia.no>  
**Sendt:** 24. mars 2014 15:12  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Til Teknisk drift - Gnr/bnr 202/79 Hjelmås kyrkjegard - bortleiing av overflate- og sigevatn

Hei

Akasia, som er eit underselskap av Bergen kirkelige fellesråd, har fått i oppdrag av Lindås KF å prosjektera og førestå prosjektleiing for utviding av Hjelmås kyrkjegard. I den anledning legg vi noko innsats i å få kontroll over drems- og overvatn, for å leia det bort frå gravfeltet på ein kontrollert måte. Vi treng også vatn til ein ny vannpost på utvidingsområdet.

Vi har motteke dokumentasjon på at det går offentleg OVL, SPL og VL gjennom gravplassen. Det er vanskeleg å skaffa dokumentasjon på kva som ligg av private ledningar på gravplassen frå før, og enn så lenge har vi føresett at vi koplar oss til eksisterande private nett for tilførsle av vatn, og at vi løyser overvatn- og dremsproblematikken på eigen grunn, med utslepp til terreng via eit fordrøyingsbasseng.

Men det kan sjå ut som det vil vera ei rimelegare løysing at vi koplar oss til eksisterande offentleg nett, sidan det ligg så lagleg til. Og det som er rimelegare for Lindås KF, er også rimelegare for kommunen, sidan midlane til gravplassutbygging kjem derifrå.

Det offentlege nettet viser ikkje i vårt kartgrunnlag, difor har vi ikkje kunna prosjektera inn ei løysing mot offentleg nett. Vi skulle difor ønskja å få oversendt data for desse ledningane i dwg-format dersom det finst, både for vår eiga prosjektering sin del, og som grunnlag for FDV-dokumentasjon for gravplassen. Og så skulle vi gjerne hatt ei førehandsgodkjenning eller i alle fall vurdering av ei føreslegen løysing for korleis vi kan kopla oss på offentleg nett, og kva problemstillingar som skal løysast. Dette ser vi for oss best kan løysast i eit møte med Teknisk drift / VA, der vi kan diskutera over eit kartgrunnlag og skissera løysingar direkte på papiret.

Ein av grunnane til at vi ønskjer eit slikt opplegg, er at vi har ein framdriftsplan som tilseier ferdig gravplass i byrjinga av september i år. Vi er inne i anbudsfasen, med anbudsfrist 1. april, og reknar med kontrahering like over påske. Det minkar på ledige graver på Hjelmås, og hastar med å få gravplassen klar til bruk. Difor ønskjer vi så kort anleggstid som mogeleg, og dersom vi skal venta til etter kontrahering med å få avklaring på desse spørsmåla og det på si side påverkar byggesaksbehandlinga (som vi ønskjer å køyra som eitt-trinns tiltak) kan vi lett koma i den situasjon at vi ikkje rekk å så plen før det blir for langt ut på hausten.

Difor ber vi om å få eit møte med VA-ansvarlege på Teknisk drift snarast råd.

E-postadressa mi er [bjarne.lien@akasia.no](mailto:bjarne.lien@akasia.no)

Med vennlig hilsen

**Bjarne Lien**  
senior eiendomsrådgiver



55 59 3914 \ +47 970 19 639

[www.akasia.no](http://www.akasia.no)